

MØTEBOK

SAMNANGER SOKNERÅD / KYRKJESTYRE

Onsdag 1. mars 2023

Desse møtte:

Frå soknerådet:	Leiar Gullborg K. Aasgaard, Inger Odland, Monica Tjønna, Anlaug Røen Hauge, og Eva Hellevang
Varamedlem u. stemmerett:	Ingen
Kommunal representant:	Linda Haug Kollbotn
Skrivar:	Kyrkjeverje Britt Haukanes
Forfall:	Johannes S. Bruvik, Hilde M. Aarvik, Knut Inge Røen, og sokneprest David Vogel

Møtestad/ tid: Haga kyrkje kl.18.30 – 21.40

Opning v. Anlaug Røen Hauge m utg. i andakt frå «Stille stunder», om Guds hender og å vera teikna i hendene hans.

Sakliste

Sak 12/23 KS	GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEBOK
Sak 13/23 KS	FASTE SAKER KS – meldingar, evalueringar og rådet sitt kvarter
Sak 14/23 KS	FØREBUING TIL UTLYSING AV KYRKJEVERJESTILLINGA
Sak 15/23 KS	NY STILLINGSOMTALE FOR KYRKJEVERJESTILLINGA
Sak 16/23 KS	GODKJENNING AV REKNESKAP SAMNANGER SOKN 2022
Sak 17/23 SR	FASTE SAKER SR – EVALUERING OG PLANLEGGING
Sak 18/23 SR	KOMMUNIKASJONSPLAN FOR SOKNERÅDSVALET

Sak 12/23 KS GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEBOK

*Vedlegg: Framlegg til endring av møtebok for 3. jan. 23
Møtebok for 26. jan. 23*

Framlegg til vedtak:

Møtebok for 3. jan. med endringar og møtebok for 26. jan. er endeleg godkjende. Innkalling for 26. jan. er godkjend.

Sak 13/23 KS FASTE SAKER KS – meldingar, evalueringar og rådet sitt kvarter

- Ny tilsett: Adm.-utvalet har tilsett kyrkjelyds-sekretær i eit års vikariat frå 1. mai 2023. Ho heiter Elisabeth Moe, er 25 år og bur i Garnesvegen. Det var tre søkjarar til stillinga. Ei trekte søknaden sin, og dei to andre vart innstilt til stillinga, Elisabeth som nr. ein.
- Soknet har fått 24 843 kr. til kyrkjevalet. Dette går med til lysingar og informasjon, godtgjersle og mat til vakter på valdagen.
- Postjournal – *Vedlegg: 13 Postjournal (Vert lagt fram på møtet)*
- Spørsmål/ meldingar frå rådet:
Kjem det nye låssystemet til kyrkjene? Kyrkjeverja har levert bestilling, så det kjem.

Sak 14/23 KS FØREBUING TIL UTLYSING AV KYRKJEVERJESTILLINGA

Kyrkjeverja kjem på grunn av helse til å trekkja seg frå ansvaret som kyrkjeverje frå hausten av. Ho skal ta seg av ferien og oppstart, men etter 1. september ynskjer ho ikkje lenger å ha ansvar som kyrkjeverje.

Kyrkjestyret må alt no førebu utlysing av kyrkjeverjestillinga. For denne stillinga er det i fylgje tilsetjingsreglementet kyrkjestyret som tilset etter tilråding frå administrasjonsutvalet.

Drøfting av kva me treng.

KA peikar på at det er viktig at rådet tenkjer over kva slags person dei treng, kva ynskjer me oss? «Hva slags personlige egenskaper trenger vi som kan skape det vi ønsker? Er det nå mest behov for en person som skaper trygghet og stabilitet, eller er det behov for mye handlekraft og dynamikk? Søker vi mest etter egenskaper som f.eks. grundighet, effektivitet, samarbeidsorientert eller selvstendighet?» (*Sjå vedl 14A*)

Framlegg til krav/ utlysing

Denne drøftinga bør enda opp i ein skriftleg krav-spesifikasjon som legg grunnlag for utlysingsteksten, seier KA. AU har alt jobba ein del med denne utlysinga og kyrkjeverja har i tillegg prøvd å baka inn litt av KA sine tips. Me brukar framlegget som utgangspunkt for å prøva å laga ei utlysing som gjer at me kan få tak i den rette personen til stillinga.

KA har arbeidd med konfliktløsning i ulike sokn gjennom 25 år. Dei peikar på at det også er viktig at ei kyrkjeverje ikkje berre har kompetanse som leiar, men også har kompetanse på kyrkja hen skal leia. «Vi har erfaring for at der man nedtoner behovet for å kjenne kirkelig virksomhet eller ha kirkelig kompetanse, vil dette i de fleste tilfelle føre til at det stilles spørsmål ved kirkevergens legitimitet som kirkelig leder.» (*Sjå vedl. 14 A punkt s33 merka med gult.*) Difor føreslår dei å leggja inn eit punkt om å kjenna til/ vera engasjert i kyrkjeleg arbeid. (*Sjå vedl 14.B merk med gult.*)

*Vedlegg 14 A KA om å skaffa ny kyrkjeverje
Vedlegg 14 B Stillingslysing KV Framlegg*

Vedtak

Kyrkjestyret vedtek framlegget til utlysing for ny kyrkjeverjestilling som ligg ved, med desse endringane: Me byter ut hovudoppgåver med ansvarsområde, me slår saman punkta om HMS og leiar for tilsette. Me slår saman pkt. to og tre under «personlege eigenskapar» og endrar til «Evne til å organisera, fullføra arbeidsoppgåver, jobba sjølvstendig og nytenkjande.» Me stryk pkt. 5 same stad. *Sjå vedlegg til vedtak: Vedtak. 14_23 Stillingslysing*

Lysinga skal ut på Finn, i BT, Vårt Land, Samningen, Os og Fusaposten og Hardanger folkeblad.
Vedtaket var samrøystes.

Sak 15/23 KS NY STILLINGSOMTALE FOR KYRKJEVERJESTILLINGA

Tilsetjingsreglementet vår seier at tilsetjingar baserer seg på stillingsomtaler som er vedtekne av rådet og at desse skal opp til ny vurdering kvar gong ei stilling vert lyst ut.

Kyrkjeverja og AU har jobba med den gamle stillingsomtalen for kyrkjeverja og kjem med dette framlegget til ny stillingsomtale:

Vedlegg 15: Stillingsomtale kyrkjeverje Framlegg

Vedtak

Kyrkjestyret vedtek framlegg til ny stillingsomtale for kyrkjeverja med desse endringane: «Hovudoppgåver – ansvar» vert bytt ut med «ansvarsområde».

Pkt. fire i siste del vert stroke.

Sjå vedlegg til vedtak: Vedtak 15/23 Stillingsomtale kyrkjeverje

Vedtaket var samrøystes.

Sak 16/23 KS GODKJENNING AV REKNESKAP SAMNANGER SOKN 2022

Driftsrekneskap for kyrkjestyret

Tilskot frå Samnanger kommune i 2022:

Løyving til drift	3 051 334 kr
Avtale om tenesteyting, rekneskap, løn, IKT, brøyting – verdsett til	50 000 kr
Til utskifting av dører i kyrkja på Ådland, investering:	390 000 kr

Driftsrekneskapen går i balanse når ein nyttar 8 979 kr av disposisjonsfondet. Då er utgiftene til reparasjon av bårhuset ført over til investeringsrekneskapen. Då me såg kor dyrt dette arbeidet vart, utsette me fleire av vedlikehaldsoppgåvene og innkjøpa som var planlagde i 2022, til 2023. Av dei kan nemnast: Tjørebreieing av takrenner, nytt lås-system og barnekrok på Ådland, ny golvvaskemaskin, skapdører på Haga og skrivebord i personalbygget på gravplassen. Likevel greidde me ikkje finansiera reparasjonen. Svært høge pensjonsutgifter grunna høg reguleringspremie (nesten 121 000 kr høgare enn budsjettet) og straumutgifter som var nesten 88 000 kr høgare enn budsjettet.

Investeringsrekneskapen

Det nye taket på bårhuset, var planlagd dekkja av driftsbudsjettet, men vart fleire gonger så dyrt som planlagd då me måtte skifta arbeidsfolk midt i jobben. Dette er no ført som investering, og er ikkje dekkja inn. Me må be om ekstraløyving på 145 326 kr til dette.

Når me ser på **kyrkjestyredelen**, går adm.-kapitlet med overskot. Det grunnar m.a. i at me har hatt ein pott til lokale forhandlingar som var lagt inn der, me fekk 35 771 kr i overskotsdeling frå KNIF (forsikring) .

Felleskontoen for kyrkjene, går litt i minus. Me hadde høge vikarutgifter her både på organist og på kyrkjetenar månaden før me fekk tilsett ny. Straumstøtta frå staten på 45 000 kr. minskar underskotet.

For **Ådland kyrkje** har me begrensa oss på vedlikehald og utstyr, og går litt i pluss trass i høg straumrekning.

Haga kyrkje har me også brukt mindre på vedlikehald enn planlagd, straumen er 48 000 kr høgare enn budsjettert og me har måtta byta sendesentral i brannalarmen. Likevel går me ikkje med meir enn vel 3000 kr i underskot.

På gravplassen slit me også med straumutgiftene. Her har me også lite festeinntekter, sidan me har festearbeidet litt på vent grunna det store prosjektet på gravplassen og kyrkjevevja har vore delvis sjukmeld. Det kapitlet går med over 75 tusen i minus, sjølv om sjukepengar for kyrkjevevja (som gjekk sjukmeld utan full inndekking med vikar), er ført her.

Når det gjeld **soknerådet sitt budsjett**, går det i balanse ved hjelp av fondsbruk på trusopplæringskapitlet.

Kyrkjelydsarbeid:

Me planlegg å bruka 1502 kr av fondet for Haga kyrkje til å dekkja resten av utgiftene til trommesett. Dei innsamla midlane til Ådland kyrkje, vart ikkje brukt i år og må difor setjast på fond. Det same må resultatet på vel 4000 kr.

Innsamlingar til andre går litt ned i høve til tidlegare år. (før korona) Men det har også med tal på offer å gjera. (Sjå eigen oversikt over offer og gåver. Vedl. D)

Når det gjeld **trusopplæringa**, vert det lagt opp til å bruka knapt 34 000 av fond for å dekkja utgiftene. Elles bergar me oss på at me hadde ein vakanse i ungdomsarbeidarstillinga, som gjer at lønsutgiftene vart lågare enn budsjettert.

Vedl. 16_23 A rekneskap kyrkjestyre 22

Vedl. 16_23 B rekneskap sokneråd 22

Vedl. 16_23 C investeringsrekneskap 22

Vedl 16_23 D Offer og gåver – vert ikkje skrive ut

Vedtak:

Samnanger kyrkjestyre/sokneråd godkjenner dagleg leiar sitt framlegg til rekneskapsresultat for 2022. Desse overføringane skal gjerast i rekneskapsresultatet for 2022:

Overføringer mellom soknerådet og kyrkjestyret sine rekneskap	
68 500 kr	Frå kyrkjestyret, felleskonto for kyrkjene 120, til trusopplærings-kapitlet 222 Gjeld klokkarløn.
31 570 kr	Frå soknerådet 210, til kyrkjestyret Ans.122 Gjeld innsamla midlar til kyrkja på Haga brukt på nytt trommesett.
Bruk av fond	
1 502 kr	Frå gåvefond Haga kyrkje til 210 for å dekkja restutgift for trommesett
33 916 kr	Frå fond for trusopplæring til Kap 222 trusopplæring for å dekkja underskot på kapitlet.

Sett av til fond	
9 373 kr	Til gåvefond Ådland frå innsamla midlar ansv. 210
4 075 kr	Til gåvefond for kyrkjelydsarbeid frå innsamla midlar ansv. 210
11 601 kr	Til bunde investeringsfond for kyrkjene, gjeld kyrkjedorar.

Kyrkjestyret ynskjer i tillegg å nytta 8979 kr. av disposisjonsfondet for å dekkja underskotet på driftsbudsjettet. Dei vil også søkja om midlar frå kommunen til å dekkja underskot i investeringsrekneskapen på 145 326 kr. til nytt bårehustak.

Vedtak 16_23 Rekneskap Samnanger sokn 2022

Vedtaket var samrøystes og som framlegget

Sak 17/23 SR FASTE SAKER SR – EVALUERING OG PLANLEGGING

Det som kjem. Arrangement framover:

- 26. mars. Årsmøte. *Årsmelding vert send ut i forkant. Rådet møter og hjelper til.*
- Påskegudstenester. *Vanleg opplegg.*
- Salmekveld 13. april *utsett til 27. april. Ådl.*
- 17. mai – Fellesarr. Med misjonsforsamlinga. Treng to medl. i komiteen: *Anlaug R. Hauge og Johannes Bruvik. Presten kan og vera med, men ikkje på sjølve festen.*
- Salmekveld med Sjansespel 25. mai. Haga.
- Konsert med Rune Alver, Astrid Hoffmann-Tollaas (Evt. også m. Torgeir K.S.)
- 8. juni i «Samningaveko»
- Flytta sommarfest grunna konsert og samningaveka. *Rådet fann ikkje ny dato for denne festen. Avlyst, prøva å få det til om hausten. Koma attende til det.*
- Loppemarknad 17. juni i Grendahuset. *Nemnd: Monica Tjønna, Eva Hellevang, Hilde Aarvik, Åshild Aa. Haga.*
- Temasamlingar. Dato-framlegg: *13. april og 11. mai.*
- Fotokonkurranse. *Tillysast før sommaren. Tema Guds skaparverk. 1 bilde pr. pers.*
- *Laga kalender med eit bilde. Engasjera Inge Aasgaard til å leia prosjektet.*

Sak 18/23 SR KOMMUNIKASJONSPLAN FOR SOKNERÅDSVALET

Nominasjonsnemnda arbeider med framlegg til val-liste som skal leverast valstyret innan 31. mars. Me fekk høyra frå deira arbeid. Dei har fått ei under 30 år, men har for lite menn. (Det skal vera helst 20%. under 30 år og minst 40% av kvart kjønn.) Dei manglar så langt to til lista.

Me treng laga ein plan for korleis valet skal kommuniserast, med fristar og ansvar. Framlegg frå kyrkjevevja vart utdelt på møtet.

Me har to gongar hatt eit eige blad for valet. Skal me prøva på det i år også?

Det står i retningslinene frå DNK at nominasjonsnemnda også skal skaffa informasjon frå dei som står på lista. Kan dei i tilfelle ta på seg oppgåva med å senda ut spørsmål og henta inn svar frå sokneråds-kandidatane?

Skal me i år også utfordra listetoppene med nokre spørsmål om korleis dei stiller seg til kyrkja sitt arbeid. (Sjå side 10 i Fusa sitt blad)

Vedlegg 18 A Valblad Samnanger 2019

Vedlegg 18 B Val-kyrkjeblad Fusa

Vedlegg 18 C Kommunikasjonsplan Val23 (Vert lagt fram på møte)

Det var for lite tid til å drøfta alle spørsmåla og heile planen, så det vart utsett til neste møte. Nominasjonsnemnda arbeider fram mot 31. mars med vallista. Dei skaffar informasjon frå listekandidatane. Jmf. planen.

Kyrjekontoret publiserer krav til listeframlegg, offentleggjer vallist(/ene) og kunngjer valform.

Rådet meinte det var positivt med eit valblad der politikarane i kommunevalet også vart utfordra på å seia korleis dei stiller seg til kyrkja sitt arbeid.

Resten vert teke opp på neste møte, med ansvarsfordeling.